



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
19.09.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/4417 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på formue og inntekt per 31.august 2016

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 31.august d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 6,4 prosent dei første åtte månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 7,8 prosent.

Innbetalt skatt per 31.august d.å. i prosent av budsjett 2016 var 63,6 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 63,5 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 8,2 prosent for kommunane samla i landet. I revidert nasjonalbudsjett er det lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet på 6,4 prosent.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

